



## *Hadeland dialekt- og mållag*

### **Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag, møtebok**

måndag 14. februar 2022 kl. 1900-1945, digitalt på Teams

På grunn av farleg glatt føre på hadelandsvegane vart møtet flytt kl. 1130 same dag frå Hjertebo til skjerm, ved hjelp av Vemund Viken.

Stein Buan skulle ha gjeста det fysiske årsmøtet. Han kåserar og syng for oss ved eit seinare høve.

Til stades: Vemund Viken, Grethe Bøe, Lars Velsand, Torill Nedberge Klevmark, Kari Røken Alm, Reidun R. Sørensen og Inger Marie Højfeldt (frå sak 3).

Leiar Reidun Sørensen ønska vel møtt.

#### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart sendt 23. januar, annonsert i Hadeland 4. februar og påminning sendt 14.2.22 k. 1130 med melding om at årsmøtet måtte bli digitalt. Vemund kalla inn på Teams.

Til saklista gjorde leiar greie for at rekneskapen ikkje er kontrollert enno og kjem tilbake til det under sak 4.

Einstemmig vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

#### **2. Konstituering**

Innstilling: Som ordstyrar vel årsmøtet Lars Velsand. Som møteskrivar vel årsmøtet Reidun R. Sørensen. Til å godkjenne protokollen vel årsmøtet to frammøtte medlemmer.

I møtet foreslo Reidun at Vemund styrer møtet og Kari og Lars godkjenner møteboka.

Einstemmig vedtak: Som ordstyrar vel årsmøtet Vemund Viken.

Som møteskrivar vel årsmøtet Reidun R. Sørensen.

Til å godkjenne protokollen vel årsmøtet Kari Røken Alm og Lars Velsand.

Vemund overtok møteleiinga.

#### **3. Årsmelding 2021**

Vemund refererte årsmeldinga og gav ordet fritt.

Einstemmig vedtak: Årsmeldinga er godkjend.

#### **4. Rekneskap 2021**

Reidun orienterte om at økonomien er god men at rekneskapen er ikkje kontrollert enno og difor ikkje kan handsamast av årsmøtet.

Ho foreslo difor at årsmøtet gir styret fullmakt til å godkjenne rekneskapen når kontrolløren har godkjent rekneskapen og kontrolloppgåva er mottatt.  
Einstemmig vedtak: Årsmøtet gir styret fullmakt til å godkjenne rekneskapen når kontrolløren har godkjent rekneskapen og kontrolloppgåva er mottatt.

## 5. Årspengar for 2023

Noregs Mållag sin del av kontingenten er 300 kroner. NM tilrår at lokallagssatsen er 60 og fylkeslags satsen 40 kroner, men laga står fritt til å vedta andre beløp.  
Austmannalaget tilrår kr 30 til sitt årsmøte.

Einstemmig vedtak: Årsmøtet i Hadeland dialekt- og mållag vedtek kr 50 som årspengar for 2023 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

## 6. Innkomne forslag

6.1. Styret foreslår å sette av ein pott på kr 10.000 for år 2022 til naudsynt utstyr til utvikling og drift av laget.

Einstemmig vedtak: Årsmøtet set av ein pott på kr 10.000 for år 2022 til naudsynt utstyr til utvikling og drift av laget.

## 7. Arbeidsprogram 2022

Einstemmig vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet som rettleiande for styret, med to kommentarar som kom fram i møtet.

## 8. Val

Alle kandidatane er spurt på førehand, har takka ja til tillitsvervet og veit kva for oppgåver som følgjer med. Valkomiteens innstilling vart sendt medlemmene kl. 1130. Vemund losa oss gjennom innstillinga, og det vart ikkje fremma andre kandidatar.

Einstemmig vedtak:

		<b>For periode:</b>
Leiar:	Reidun Ramse Sørensen (attval)	1 år
Nestleiar:	Vemund Viken (attval)	2 år
Skrivar:	Reidun Ramse Sørensen	er ikkje på val
Styremedlem:	Grethe Bøe (ny)	2 år
Styremedlem:	Torill Nedberge Klevmark	er ikkje på val
Styremedlem:	Inger Marie Højfeldt	er ikkje på val
Første vara:	Anne Berit Rækken (ny)	1 år
Andre vara:	Jan Reidem (ny)	1 år
Ettersynsmann:	Arnfinn Nilsen (ny)	1 år

Signatur: To styremedlemmer i fellesskap.

Prokura: Rekneskapsfører og leiar kvar for seg.

Rekneskapsfører: Einar Raastad for 1 år

To utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget:

Leiar og nestleiar, med styremedlemmer og varafolk som vara varafolk i den rekkefølge som går fram av vedtektene paragraf 5.

Ein utsending til Landsmøtet i Noregs Mållag:  
Torill Nedberge Klevmark, med styremedlemmer og varafolk som vara i den  
rekkefølge som går fram av vedtektene paragraf 5.

Valkomit : Kari R ken Alm (valt for to  r i fjor)  
Vemund Viken (ny) for 2  r

Hadeland, 14. februar 2022

.....  
Reidun R. S rensen  
m teskrivar

M teboka er godkjend:

.....  
Kari R ken Alm

.....  
Lars Velsand